

REFERAT FRÅ STYREMØTE I BSI PADLING

STAD: Laksevåg

DATO: 31.05.2011

TIL STADES: Michael, Elin, Magne, Lillian, Bente, Edvin, Eva, Espen



Sak 15/2011

Økonomi

Klubben har hatt noko lågare inntekt i vår enn det som var budsjettert. Dette gjeld både medlemskontingentar og naustleige.

Vedtak

Magne og Espen purrar på medlemskontingentar og naustleige.

Sak 16/2011

Naust

Det er dårleg plass innover mot vasken i naustet i Sandviken. Naustet på Glesvær er lite brukt.

Vedtak

Espen gjer endringar på kajakkstativa innover mot vasken slik at det vert betre plass.

Instruktørane skal oppmodast til å leggje padleaktivitet til Glesvær.

Sak 17/2011

Utstyr

Elv har færre årer og vestar enn det er båtar, og med sterk auke i aktiviteten gjer det at mangel på utstyr av og til avgrensar talet på deltakarar på turar.

Noko småreparasjonar på både elve- og havkajakkar, er planlagt.

Vedtak

Elv kjøper inn årer og vestar for ca 8.000kr

Utover dette er det innkjøpsstopp inntil vi får større inntekter

Sak 18/2011

Fadderordninga

Tobias har sagt seg villeg til å vere ansvarleg for fadderordninga.

Vedtak

Michael følgjer opp Tobias for å få i gang ordninga.

Sak 19/2011

Aktivitetar

Grillfest og leikedag er planlagt.

Det vert fyrstehjelpskurs for hav og elv i byrjinga av juni.

Elv har mange turar med stort deltakarantal denne sesongen. Planlegg deltaking på Ekstremsportveko og festivalane i Valldal og Sjoa.

Aktivitetsleiarkurs elv vert arrangert over sommaren, og ein planlegg også ei helgesamling med guida padling på høgare nivå.

Havaktivitetane har stort sett gått som planlagt, men det er vanskeleg å få instruktørar. Vi må setje i verk tiltak for å betre instruktørdekninga.

Vedtak

Eva og Edvin følgjer opp aktivitetsleiarkurs og helgesamling elv.

Michael planlegg redningsøving for hainstruktørane til hausten.

Sak 20/2011

Eventuelt

Askøy idrettsråd har kontakta oss angående leige av kajakkar til eit barneidrettsarrangement.

Hallvard Torp har kontakta klubben ang å halde eit kurs for skuleelevar med klubben sine kajakkar.

Vedtak

Vi må seie nei til Askøy Idrettsråd, då arrangementet fell saman med klubbaktivitet.

Hallvard får låne kajakkar til kurs mot at han held ei instruktørsamling for klubben.
